

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen:

Tal elevar skuleåret 2015/16: 139

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått
Andel stryk og IV
Gjennomsnittleg fråvær
Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	90,9
2015/16	94,2

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	3.54	2.65
	2015/16	1.44	0.72
Standpunkt	2014/15	1.79	3.57
	2015/16	4.35	2.17
Eksamen	2014/15	1.23	
	2015/16	3.57	

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	10.63
	dagar	6.73
2015/16	timar	9.99
	dagar	7.72

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	0.9%
2015/16	0.7%

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram? Skulen er nøgd med tala på desse punkta for skuleåret 15/16. Målsetninga for 16/17 er å gjera det like godt på fullført og bestått. Fråværstala er ok, men me ynskjer å få ned tala neste skuleår. Det vert spanande å sjå korleis nye fråværsreglar verkar inn på tala. Framleis har me størst utfordringar med fråvær på naturbruk vg1 og vg 2. Stryk på standpunkt og stryk på eksamen har gått litt opp frå førre skuleår. Tala vil naturleg variera litt frå år til år på ein liten skule, men me må følgje godt med framover om dette er ein tendens.

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane? Elevar som søker særskilt eller på individuell behandling vert i lag med føresette inviterte til møte på skulen vår om våren. Her møter dei framtidig kontaktlærar og minst ein representant frå ressursteamet. Dette tryggar både elevar og føresette. For andre elevar, som me får informasjonsskjema på før skulestart, vert det diskutert i ressursteamet korleis me best kan hjelpe dei med ein god overgang. Dette vert så teken vidare til klasselærarråda og ein strategi for opplegget til eleven vert lagd. Elles brukar me kartleggingsprøvar i lesing, rekning og engelsk på alle i vg 1 og nye elevar i vg 2. Me brukar små grupper i undervisninga der det trengs.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Skulen har lite sluttarar og det ynskjer me å ha i framtida og. Utfordringa er å fange opp elevar som er i faresonen tidleg nok. Feilval, psykisk sjukdom, rus og elevar som ikkje greier å bu aleine på hybel må me vera våken ovafor. Det er viktig at lærarane føl fråværsprosedyra me har på skulen.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Gode resultat gjer at me vil halda på mykje av det me allereie gjer. Områder me vil utvikle oss på er yrkesretta og relevant undervisning for alle og betre vurdering for læring. Målet er å gjera skulekvardagen enda meir motiverande og lærerik for elevane. Då vil me vonleg halda fråværet og fråfallet lågt.

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

2.1 Vurdering for læring

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:***Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:***

Elevundersøkinga (Puls) vart utført i november 2015, og 85,9% av elevane deltok. Resultata syner at 75 % av elevane meiner at lærarane forklarar måla forståeleg i mange eller i alle faga. Mange elevar (72%) tykkjer og at mange eller dei fleste av faglærarane forklarar godt kva det vart lagt vekt på i vurderinga av skulearbeidet. Det er eit potensial for å bli betre på å fortelje elevane kva som er bra med arbeidet deira og kva dei må gjere for å verte betre i faga. Resultata syner og at me må gje oftare attendemelding (60% av elevane svarar at dei får attendemeldingar 1-3 gongar i månaden eller sjeldnare). Totalt sett syner resultata her at vurderingspraksisen er god, men at det er ei lita gruppe med elevar som treng enda sterkare oppfølging. Det er og viktig med oppfølging av den einskilde lærar med omsyn til vurderingspraksisen.

Tidlegare år har elevane gjeve uttrykk for at dei i liten grad har fått vera med å foreslå kva det skal leggjast vekt på når deira arbeid skal vurderast, samt at dei ikkje har høve i mange fag til å vera med å vurdere skulearbeidet deira. I år vart det og ein jamn spreing frå elevar som svarte «i dei fleste fag» til «ikkje i nokon fag»

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»***Utfordringar:***

Skulen sine medarbeidarar har vorte samd om at «vurdering for læring» skal vidareførast som eit av hovudmåla i den nye utviklingsplanen. Utfordring vert å syte for at det vert utarbeida konkrete tiltak i utviklingsplanen, særleg med omsyn til attendemelding og eigenvurdering

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet**Skulen si vurdering i lys av:**

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:***Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:***

Dei fleste lærarane har no eit nokså høgt nivå når det gjeld kompetanse innan IKT. Dei er nyfiken og likar å utforske nye program og metodar. Dette har ført til at elevane også vert undervist og vurdert ved digitale opplegg og prøvar av ulik art.

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»***Utfordringar:***

Utfordringa er framleis til å få elevane til å nytte pc til relevant fagleg arbeid og halde seg unna Facebook og andre distraksjonar i timane.

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Austevoll vgs har i sin utviklingsplan for perioden 2013-2015 hatt klasseleiing som eit av fokusområda, då dette var eit satsingsområde både nasjonalt og fylkeskommunalt. Skulen har i perioden sett av tid til å jobbe med ulike tema og utfordringar knytt opp mot klasseleiing, i avdelings- og fellesmøtetida. Gjennom gruppearbeid og med ekstern førelesar frå Høgskulen Stord-Haugesund, har alle tilsette fått vere med å jobbe med det felles målet om å lage ein felles plattform/reglar for korleis klasseleiing ved skulen skal praktiserast. Skulen har ikkje gjennomført nokon form for undersøking av denne prosessen, for å avdekke om prosessen har gjeve stort utbytte for kvar av lærarane.

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Austevoll vgs er ein tilnærma rein yrkeskule, då med hovudvekt innanfor marint, fiskeri og maritim utdanning. Av den grunn har skulen mange ulike undervisningsarenaer i tillegg til klasserom; verkstad, høgspent/elektrolab, naust, kaiområde inkl. truckopplæring, rubbhall, Selifa-sjark og opplæringsfartyet «Stø Kurs».

I prosessen med å utforme felles plattform/reglar, såg ein straks utfordringar knytt til praksis kring det å utøve klasseleiing på dei ulike læringsarenaene.

Difor såg ein at «detaljerte» fellesreglar ikkje kunne handhevast, men å lage nokre få felles enkle grunnreglar vart løysinga. Grunnreglane skal leggje til rette for at faglærar enklare kan utøve god praksis kring klasseleiing, uavhengig om ein underviser i klasserom, på båt eller på verkstad.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

I utviklingsplanen til Austevoll videregående skole 2013-2015 kan vi lese følgende:

«Lærestaden i Austevoll har alltid hatt yrkesfaglege tradisjonar og praktisk ankra pedagogikk for fiskeri og anna maritim yrkesutdanning som styrande for verksemda.»

Med dette som utgangspunkt søkte vi den 25/6-2015 om midler til å frikjøpe en lærer til FYR arbeidet. Vi ønsket å søke for Andreas Risøy som er en av våre matematikklærere ved skolen. Andreas underviser på utdanningsprogrammene Teknikk og industriell produksjon (TIP), Naturbruk og Helse og oppvekst (HO). Foruten dette er Andreas elevinspektør på skolen. Som elevinspektør er han en viktig ressurs på de andre utdanningsprogrammene våre. Som igjen gir god mulighet for å opprettholde trykket på yrkesretting av fellesfagene på hele skolen.

Den 29/6-2015 fikk vi innvilget 25 % frikjøp av Andreas Risøy.

1. Prosjektledelse.

Prosjektgruppen som jobber med FYR på skolen vår består av følgende personer:

- Ulrik Schütz: Assisterende rektor og lærer i kroppsøving
- Andreas Risøy: Elevinspektør og lærer i matematikk og kroppsøving
- Marion Casey: Engelsklærer
- Gisle Vassnes: Lærer på naturbruk

- Bjarte Haugland: Lærer på akvakultur
- Ragnhild A. Nordenborg: Lærer matematikk og naturfag

Assisterende rektor sin hovedoppgave er å sørge for at arbeidet er forankret i ledelsen på skolen. Utover dette at FYR arbeidet forankres i skolens utviklingsplan. Er også delaktig i rapportskriving.

Elevinspektør Andreas Risøy sin hovedoppgave er å strukturere møter for prosjektgruppen med jevne mellomrom. Han sørger også for at det settes av tid til FYR arbeidet i skolens planer. Andreas jobber også aktivt for å lage opplegg i matematikk som er yrkesrettet og kan brukes av andre. Utover dette er Andreas veileder for skolens ansatte som trenger hjelp til FYR arbeidet.

Marion Casey, Gisle Vassnes, Ragnhild A. Nordenborg og Bjarte Haugland er alle dyktige lærere i sine fag. De har lang fartstid som lærere for yrkesfaglige klasser. Deres hovedoppgave er å være behjelpelig med å rettlede andre lærere i FYR tenking. De er også behjelpelig som gruppeledere når vi deler ansatte inn i grupper for å jobbe med FYR.

1. Skolens arbeid med FYR.

Når vi planlegger nytt skoleår legger vi til rette for yrkesretting av fellesfaga ved at ledelsen timeplanfester tid til dette arbeidet. Eksempler kan være fellesmøte tid, avdelingsmøtetid og ikke minst fast avsatt tid til klasselærerråd. Foruten ledelsen vil dette være møtearenaer hvor kontaktlærere, faglærere, assistenter deltar. Rammene er dermed satt for yrkesretting av fellesfaga. Like viktig er det at vi disponerer våre ulike opplæringsarenaer på en effektiv måte. Bruk av 90 fot stor fiskebåt, fiskesjark på 36 fot, verksted for mekaniske fag, høyspentlab og ikke minst meget gode klasserom/grupperom.

I «Styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane» leser vi: «Fylkesdirektør opplæring vil på grunnlag av ei heilskapleg vurdering styrke skulane sin handlefridom når det gjeld val av tiltaksområde. Det overordna målet står fast: Auka læringsutbytte og fullføring.» Til slutt leser vi: «Det er skulane som skal definere tiltaksområde for det pedagogiske utviklingsarbeidet i perioden 2016-2018 og grunngi valet ut frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap»

Høsten 2015 startet vi arbeidet med å lage en ny utviklingsplan for perioden 2016-2018. I den nye utviklingsplanen beholder vi det overordnete målet som er «Auka læringsutbytte og fullføring» Vi har i tillegg valgt tre underpunkter som vi ønsker å jobbe med de kommende to årene. Ett av disse underpunktene er Yrkesretting og relevans. I dette punktet ligger skolens FYR arbeid.

3.3 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?

Se punkt 3.2

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Skolen ser endret praksis ved at det er økt fokus på tverrfaglige vurderingspunkt. På denne måten er det økt fokus på å jobbe med fellesfag i en praktisk setting.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Skolen ønsker å videreføre FYR satsingen.

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?
Ettersom me har arbeidd med den nye utviklingsplanen gjennom heile skuleåret, har me heile tida hatt fokus på kor me er i dag og kor me ynskjer å vere innan få år. Dette har ført til at me har hatt tilstandsvurderinga med oss i kvart einaste møte der me har arbeidd med utviklingsplanen.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?
Leinga sette ned ei gruppe som skulle vere med leiinga å drive utviklingsplanarbeidet framover. Dei 3 lærarane som ver med i gruppa var alle leiar i kvar si gruppe i utviklingsarbeidet. Dette har ført til at alle har fått ein kjensle av eigarskap til utviklingsarbeidet ved skulen.

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?
Sjå pkt. 4.2

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?
Klassane har i klassens tid diskutert skuleutvikling. Her har dei fått koma med sine synspunkt på kva som er ein god skule og forslag til kva retning skulen skal utvikla seg i. Elevrådsrepresentantane har teke klassane sine synspunkt med til elevrådet. Elevrådet har diskutert og gjeve sine forslag til utvikling vidare til leiinga på skulen.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?

Me har heile vegen hatt stort fokus på at dette ikkje er ein plan som leiinga ved skulen skal lage og dele ut til personalet. Dette skulle vere ein plan som var forankra i heile personalet heilt frå byrjinga av. Alt arbeidet har vore gjort i grupper og seinare teke opp til diskusjon i fellesskapet. Det er dei tilsette saman med leiinga som har vore med på ståtadsanalyse og deretter har me saman komen fram til fokusområder og tiltak. Det at alle har vore med i ein prosess som har vart over eit år trur me er heilt avgjerande for at personalet skal føle eigarskap til den nye utviklingsplanen. Frå hausten av skal planen forankrast ved at me held fokus på tiltaka på kvart einaste fellesmøte. Me har avgrensa tiltaka med dato slik at det skal vere enkelt for oss å kunne vurdere om me har klart å gjennomføre tiltaka og nådd målet vårt på ein grei måte. Av tidlegare erfaringar veit me at me i leiinga heile tida må halde trykket oppe for at ikkje lufta skal sige ut av «utviklingsarbeidballongen». Ved å vise at me held fokus på arbeidet og at me syntes arbeidet er sers viktig, vil tiltaka sakte, men sikkert gå over i drift og me kan finne nye utviklingsområder og tiltak som me kan kanalisere kreftene våre inn på.